



Partnerskapsavtale

mellom

Hordaland fylkeskommune og Samarbeidsrådet for Sunnhordland - reiseliv

1. Formål

Hordaland fylkeskommune og Visit Sunnhordland skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til reiseliv i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN).

2. Målsettingar

Partnerskapsavtalen skal medvirke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling knytt til reiseliv slik dette er formulert i gjeldande regionale planar på området, med særleg vekt på innsatsområda i HNN. I dei årlege tildelingsbrev fra fylkeskommunen kan dette bli nærare presisert.

Partnerskapen skal også medverke til å nå Visit Sunnhordland sine mål om å styrke medlemsbedriftene i selskapet.

3. Visit Sunnhordland sine oppgaver og bidrag i partnerskapen

Visit Sunnhordland skal som ein del av sitt virke:

- Auke fokuset på felles oppgaveløysing med dei andre destinasjonsselskapa i fylket
- Kvalitetssikre vertskapsrolla i eigen region og m.a. vere pådrivar for vidareutvikling av turistinformasjon
- Delta aktivt i Forum Reiseliv og Destinasjonsgruppa
- Leggje til rette for styrking av nettverk og auke av kompetanse for bedriftene i eigen region, og rekruttere bedrifter til utviklingsprosjekt

4. Fylkeskommunen sine oppgaver og bidrag i partnerskapen

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal fylkeskommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år, men ikkje før rapporten for året før ligg føre og er godkjent (sjå punkt 6). Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at Visit Sunnhordland kan søke prosjektfinsiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunen deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partnaren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Der kor det er naturleg, skal fylkeskommunen medverke til at partnar kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunen sjølv, og fylkeskommunen sine andre samarbeidspartnarar rår over.

5. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ leing i fylkeskommunen. Arbeidet skal også koordinerast med tiltak starta i regi av Destinasjonsgruppa slik at ein kan hente erfaring

frå tilsvarande satsingar og unngår dobbeltarbeid. Ut over dette er det opp til partner å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisera og drive arbeidet.

6. Rapportering

Fortløpande rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom partner og fylkeskommunen, likevel minst 2 gonger pr år.

Innan 1. mars kvart år skal Visit Sunnhordland sende ein kortfatta rapport til fylkeskommunen. Det skal rapporterast på gjennomførte tiltak og oppnådde resultat i høve til oppgåvene nemnt under punkt 3 og til dei mål og krav som blir sett i dei årlege tildelingsbrevane frå fylkeskommunen. Rapporten skal gje ei kort oppsummering av bruken av partnerskapsmidlane i høve i aktivitet og gjennomførte tiltak.

I tillegg skal Visit Sunnhordland også sende årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap til fylkeskommunen så snart dette ligg føre.

7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld for 2015 med eit partnerskapsbidrag på kr 130.000,-.

Det årlege partnerskapsbidraget frå fylkeskommunen kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane. Større endringar i dei fylkeskommunale rammene for ordninga gir Visit Sunnhordland rett til å seie opp avtalen.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for Visit Sunnhordland gir fylkeskommunen rett til å reforhandle eller seie opp partnerskapsavtalen.

Ved misleghald kan begge parter seie opp avtalen med 1 månads varsel.

Dersom Visit Sunnhordland blir lagt ned eller misligheld avtalen, kan fylkeskommunen krevje heile, eller deler av, partnerskapsmidlane tilbakebetalt.


Fylkeskommunen eller fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Visit Sunnhordland plikter å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

Bergen 08. april 2015

For Hordaland fylkeskommune

.....
Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling

For Visit Sunnhordland


.....
Linn Therese Vinje
Reiselivsansvarleg for Sunnhordland

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.